

Møtebok

Tidspunkt: Måndag 05.06.25 – kl 19:00
Stad: Banken

Til stades: Tor Helge Haara Tjemsland, Andre Botnen, Anna Seim og Anita Rabba.

Forfall: Nils Vetle Medhus, Arve Hagen (vara)

Referent: Tor Helge

Saker til styremøtet

Sak 23/25: Meldingssaker

Sak 24/25: Eventuelt/Informasjon hendinger frå førre møte

Sak 25/25: Arbeid med beiterreglar, beitefelt o.l. på statsallmenninga

Sak 26/25: Røldalsmarknaden

Sak 27/25: Samfiskeavtale med Ullensvang

Sak 23/25: Meldingssaker

Saksdokument:

Saksutgreiing:

2025.04.04 -612.1-Røldal fjellstyre- Utkast Samjaktavtale med HA290
2025.04.05-612.3-Villreinutvalet-Protokoll årsmøte 28.03.2025
2025.04.05-612.3-Villreinutvalet - Vedtekter vedtatt 28.03.2025
2025.04.06-612.3-Røldal fjellstyre-VS Innspel til villreinutvalet
2025.04.06-37.-Hydro Energi-Oppstart av arbeid dam Valldalen
2025.04.06-612.3-Villreinutvalet-Oppfordring fredningssoner Hardangervidda
2025.04.07-612.2-Røldal fjellstyre-Førespurnad om vidareføring av avtale om ettersøkshundavtale
2025.04.08-035.2-Røldal fjellstyre-Utkast leigekontrakt Ståvassvika
2025.04.08-612.3-Setesdal Ryfylke villreinutval-Innkalling til årsmøte i Setesdal Ryfylke villreinutval
2025.04.09-173.-Røldal Eigedom-Dokument vedr generalforsamlinga

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 481 03 170- epost: leiar.rol dal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: rol dal@fjellstyrene.no
www.hardangervidda-fjellstyra.no

2025.04.11-046.9-Vidar Lund-Bekrefting av standplass Røldalsmarknaden 2025
2025.04.11-612.1-Røldal fjellstyre-Info frå fjellstyret vedr reinsjakt 2025
2025.04.14-612.0-Røldal fjellstyre-Søknad om dispensasjon frå §2 og §8 i «Forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning»
2025.04.15-123.-Statskog-Dokumentasjon på innsendt årsregnskap fjellstyrer
2025.04.16-145.9-Vestland fylkeskommune-Vedtak om tilskot til prosjekt fiksekultivering
2025.04.22-145.9-Røldal fjellstyre- Forespørsel om å endre prosjektperiode for støtte til prosjekt i ordninga tilskot til tiltak for innlandsfiske
2025.04.23-012.1.1-Røldal fjellstyre-Møtebok 10.04.2025
2025.04.27-612.1-Røldal fjellstyre-Info frå fjellstyret - påminning om søknad for reinsjakt 2025
2025.04.28-612.3-Setesdal Ryfylke villreinutvalt-Påminning om innkalling til årsmøte og fellesmøte i Setesdal Ryfylke villreinutval
2025.04.29-011.8-Statskog-Invitasjon til fellesmøte med fjellstyra på Hardangervidda og Statskog
2025.04.30-612.3-Villreinutvalet-Info om folkemøte vedr Dyrnuttunellen på Bergensveien Rv7 over Hardangervidda
2025.04.30-011.8.-Statskog-Kommentar til møtebok 10.04.2025
2025.05.02-A.Bjørnenak-Vedtak fra Næringsfondet for Røldal
2025.05.04-011.8-Røldal fjellstyre - SV kommentar til møtebok 10.04.2025
2025.05.05-612.2-Landbruksdirektoratet-Svar på søknad om dispensasjon frå krav i forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning
2025.05.06-145.9-Vestland fylkeskommune-Vedtak om tilskot til fiskekultivering - signert
2025.05.07-612.3-Setesdal Ryfylke villreinutval-Vedtak av fellingskvote 2025 Setesdal Ryfylke villreinområde 2025
2025.05.09-612.1-Røldal fjellstyre-Trekningsliste reinskort 2025
2025.05.14-145.9-Hydro Energi-Tildelt kraftspiremidlar 2025
2025.05.14-335.1-Røldal fjellstyre-Svar på Røldal grunneigarlag sitt ynskje om møte vedr. beite på Røldal statsallmenning
2025.05.15-011.8-Statskog-UTSATT MØTETIDSPUNKT-fellesmøte fjellstyra rundt Hardangervidda
2025.05.15-145.4-Statskog-Avslag på søknad - Verdiskaping med Statskog 2025 - Fiskekultivering og tilrettelegging
2025.05.20-612.3-Redd villreinen-Referat årsmøte 29 April 2025
2025.05.20-613.0-NFS-RypeRapporten våren 2024
2025.05.20-02-Røldal fjellstyre-Transportbehov fjellstyret jegerprøvekurs
2025.05.20-335.1-Røldal fjellstyre-Referat beitemøte fjellstyret og Røldal Grunneigarlag
2025.05.22-145.9-NFS-Tildeling av friluftsmidler 2025
2025.05.23-43-Røldal fjellstyre-Brukte snøscooterløyver Røldal fjellstyre våren 2025
2025.05.24-335.1-H. Rabbe-SV-Utkast til referat møte mellom Røldal Grunneigarlag og Røldal Fjellstyre
2025.05.24-335.1-Røldal fjellstyre-SV-Utkast til referat møte mellom Røldal Grunneigarlag og Røldal Fjellstyre
2025.05.24-642.0-Røldal fjellstyre-Innspel til Ullensvang fjellstyre vedr sak om endring av fiskereglar
2025.05.25-613.0-NFS-Utkast til RypeRapporten våren 2024
2025.05.28-011.8-Statskog-Uttalelse fra Statskog - vedr. søknad om utskifting av stålpipeline og ovn på Ninive

Framlegg til vedtak:

Styret tek meldingssakene til vitande.

Referat:

Leiar gjekk gjennom postlista.

Vedtak:

Styret tok meldingssakene til vitande.

Sak 24/25: Eventuelt/Informasjon hendingar frå førre møte**Saksdokument:****Saksutgreiing:**

- Vedomnen på Ninive er bytt, så hytta skal vere operativ til sommarsesongen. Av ein eller anna årsak, så sendte kommunen søknaden til Statskog for uttale (rart då verken er fasadeendring, eller grunndisponering). Då vart det klart at hytta ikkje er registrert tilfredstillande hjå kommunen.
- Fjellstyret er tildelt kr 20 000 frå Lyse Kraftspirer til diverse rekrutteringstiltak. Deriblant transport til jegerprøvekurs.
- Fjellstyret er tildelt kr 30 000 frå Røldal næringsfond (fiskefondet) til fiskekultivering.
- Fjellstyret, i fellesskap med Ullensvang fjellstyre, er tildelt kr 14 000 frå Miljødirektoratet til gjennomføring av jegerprøvekurs. Då spesielt slaktekurset.
- Fjellstyret vart tildelt kr 25 000 til gjennomføring av jegerprøvekurset frå «friluftsliv-tilskotsordninga» til Ullensvang kommune. Ein vart også tildelt kr 40 000 til fiskekultivering.
- Fjellstyret vart tildelt kr 20 000 til fiskekultivering av Vestland Fylkeskommune. Det er viktig å understreke at desse midlene i hovudsak skal gå til tynningsfiske. Leiar avtala difor med Hardangervidda Fjelloppsyn at dei skal ha to mann, to dagar i Hedlevassområdet. Det vert då kombinert fiskekultivering, fiskeoppsyn og opprydding av ein nytt søppelreir.
- Ullensvang fjellstyre skal arrangere villreindagar for 6.klassane i kommunen før sommaren. Underteikna bad om at Røldal også får delta. Dette var sjølvsagt greitt, både for skulen og UFS, men me må sjølvsagt spytte inn nokon kroner for våre born. Det skal etter planen vere på Korlevoll. Visstnok krav om toalettfasiliteter. (Villreinen er blitt godt vane.) Det vert difor vanskeleg å få til noko samkøying, så underteikna har lova at Røldal fjellstyre skal ta ansvar for å få våre elevar. Me må nok spytte inn nokon kroner ekstra også.
- Fjellstyret fekk avslag frå grunneigarfondet på søknaden vår til fiskekultivering.
- Av forskjellige årsakar, så har det ikkje vore mogleg å søkje om midlar til skuleturen som fjellstyret har sponsa Røldal skule med dei siste tre åra. Underteikna meiner det er viktig å eksponere fjellstyret positivt i bygda, og spesielt for dei yngre. Skulen har vore særskilt flinke til gjennomføre desse turane på best mogleg vis. Til dømes har vêret alltid vore bra. Fjellstyret har fått mange positive tilbakemeldingar for tiltaket. Underteikna er særskilt

mottakeleg for skryt, så det vert difor føreslått å sponse ein slik skuletur også til hausten. I fjor gløymte underteikna å kjøpe tursjokolade til elevane. Slike alvorlege blemmer må ein forsøkje å unngå i framtida.

- Angående Ståvassvikja: Det er kome nokon vesentlege tilleggsopplysingar. Fjellstyret må diskutere nokre endringar i avtalen i ljøs av desse.
- Reinsjakt: Me gløymde diskutere innkomen oppfordring om å innføre fredingssoner. Underteikna er negativ til dette. Me må diskutere kjapt kva dykk tenkjer om kortfordelinga i år.
- Ettersøkshundavtale: Fjellstyret enda opp med å inngå avtale direkte med hundeførar.
- I jakta på garasjetomt har me gått på eit nytt kraftig nederlag.

Framlegg til vedtak:

- Røldal fjellstyre kostar utgiftene til villreindagane for elevane frå Røldal skule.
- Røldal fjellstyre tilbyr Røldal skule å sponse ein turdag også i skuleåret 2025-2026. Om det vert tur, kjøper fjellstyret tursjokolade til elevane.

Referat:

- Fjellstyret samlar seg om forslaga til rekrutteringstiltak.
- Det vert diskutert «leigekontrakten» i Ståvassvikja. Fjellstyret ser at saka i førre møte kan misforståast som om ein leiger ut ei hytte på åremål. Det burde vore kalla noko anna. Til dømes ein vedlikehaldsavtale. Det naudsynte vedlikehaldsarbeidet på hytta visar seg å vere mykje meir omfattande enn førespegla. Ein bør difor justere avtalen i tråd med dei nye opplysingane.
- Statskog har ytra ynskje om å matrikkelføre Ninive. Fjellstyret diskuterte kort fordeler ved dette, og kva alternativ ein har til å gjere det. Ein antar ein kostand på om lag 8 – 10 tusen per hytte. Einigheit om å gjere dette med fjellhyttene i denne omgang. André tek saka vidare med Statskog.
- Fjellstyret planlegg for å gjennomføre fiskeutsetting 8.august. Det er avtalt slik at ein har dugnadsfolk ved Langevotna. Anita sjekkar om dei kan vere på plass ved Holmavatnet.
- Tor Helge gjekk gjennom dei dei innvilga mottatte støtteordingane. Det vart informert om avtale med Hardangervidda fjelloppsyn, om gjennomføring av diverse tiltak i Hedlevass i samband med desse tildelingane.

Vedtak:

- Røldal fjellstyre kostar utgiftene til villreindagane for elevane frå Røldal skule. Fjellstyret bidrar også noko økonomisk, slik at tilbodet vert gjennomført for alle skulane i kommunen.
- Røldal fjellstyre tilbyr Røldal skule å sponse ein turdag også i skuleåret 2025-2026. Om det vert tur, kjøper fjellstyret tursjokolade til elevane.
- Vedlikehaldsavtale Ståvassvikja: Leiar får fullmakt til å endre vilkåra i avtalen. Det vert innarbeida vilkår om sikring, eventuelt istandsetting, av steinbua (eldhuset?).
- Fjellstyret kostar, i denne omgang, matrikkelføring av dei tre fjellhyttene Ninive, Eriksbu og Gamlabua. André tar ansvar for gjennomføringa.

Samrøystes.

Sak 25/25: Arbeid med beiterreglar, beitefelt o.l. på statsallmenninga

Saksdokument:

Saksutgreiing (THHT):

Det er no endeleg vorte gjennomført eit møte med grunneigarlaget angående beiterreglar, utleige av beite o.l.. Fjellstyret har skissert ei mogleg løysing, kor ein forsøker å utnytte beitet på statsallmenninga så «pragmatisk» som mogleg. I etterkant av møtet kom det fram at grunneigarane meiner det er for mange lause trådar, og uvisse rundt deira rettigheitar, og dei ynskjer difor ei juridisk vurdering av situasjonen rundt deira forhold til beiterettigheitane o.l..

Underteikna var, på vegne av fjellstyret, tydeleg på at fjellstyret sitt synspunkt er at eigarskapet og rettigheitane er avklart gjennom arbeidet til Høg fjellskommisjonen, og no regulert igjennom Fjellova. Fjellstyret må forhalde seg til dette. Om det er slik at det er aspekt, eller rettigheitar, som fjellstyret ikkje er kjent med, så må dei kom fram no.

Underteikna greier ikkje sjå at ein skal kome vidare utan å få nokon eksterne til å sjå på saka. Ein bør difor imøtekome ynskje frå grunneigarlaget. Underteikna tilrår at fjellstyret kontaktar Fjellstyresambandet, for å avklare om dette kan vere ei sak av prinsipiell betydning, samt å få ei tilråding til kven som bør gjennomføre ei slik juridisk vurdering. Underteikna meiner fjellstyret bør ta kostnadane av ei slik vurdering.

Framlegg til vedtak:

Røldal fjellstyre får utført ei juridisk vurdering av problemstillingane grunneigarane fremjar om beite på statsallmenninga. Fjellstyret kostar denne vurderinga.

Referat:

Fjellstyret fekk same dag som møtet, eit svarbrev frå Røldal grunneigarlag. Det kom ikkje fram noko nye moment. Tema diskutert i det gjennomførte møtet er ikkje aktuelle per no. Dei ynskjer ei stadfesting på at fjellstyret dekkjer ei juridisk vurdering frå deira advokat. Einigheit i fjellstyret at dette ikkje lar seg gjere. Fjellstyret må nytte seg av eigen juridisk kompetanse. Leiar svarer ut spørsmål og problemstillingar i brevet. Svarbrev vert sendt fjellstyret for godkjenning før det vert sendt vidare.

Fjellstyret ser at ein moglegvis kan få store problem med habilitet i denne saka. Det er også vanskeleg å vurdere kven som eventuelt er ein part i saka. Ein må få ei juridisk avklaring på korleis ein kan gå vidare om fjellstyret ikkje er vedtaksføre. Å gjennomføre ei juridisk vurdering av problemstillingane i saka, vurdere fjellstyre til å vere uproblematisk uavhengig av eventuelle habilitetsutfordringar.

Vedtak:

- Røldal fjellstyre kostar ei juridisk vurdering av problemstillingane grunneigarane fremjar om beite på statsallmenninga. Fjellstyret kontaktar Norges Fjellstyresamband for få deira innspel i saka, og sjekke ut om problemstillingane er av ein prinsipiell karakter (og om NFS i så tilfelle dekkjer delar av kostnadane).
- Leiar utformar eit svarbrev til Røldal Grunneigarlag, kor fjellstyret sine vurderingar av deira problemstillingar vert svara ut. Brevet vert sendt fjellstyremedlemmene for godkjenning før det vert sendt vidare.

- Fjellstyret må sjekke opp i korleis ein må forhalda seg til dei habilitetsutfordringane som framkjem i referatet.

Samrøystes.

Sak 26/25: Røldalsmarknaden

Saksdokument:

Saksutgreiing (THHT):

Tor Helge var i kontakt med villreinnemnda for Hardangervidda. Korta er kome til dei, så me skal ha dei i god tid før marknaden. Me må fordele resten av arbeidsoppgåvene.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Noko utfordringar med personell i år. Me forsøker å berre vere ein i lavvoen om gangen.

Laurdag 10 – 14: Nils Vetle

Laurdag 14 – 17: Tor Helge

Søndag 11 – 15: Anna

Søndag 12 – 16: Tor Helge

Nils Vetle tar ansvar for å setje opp lavvoen. Må vere oppe seinast torsdag.

Andre skaffar og fjernar benker + kaffitraktaren.

Tor Helge syter for «utstilling», quiz, premiar og fellingsløyver etc.

Anna og Andre (ifbm Røldalsspelet) tar ansvar for lavvoen etter marknaden.

Vedtak:

Fjellstyret organiserer gjennomføringa av marknaden som det framkjem i referatet. Leiar høyrer om sekretær har moglegheit til å delta på laurdagen.

Samrøystes.

Sak 27/25: Samfiskeavtale med Ullensvang

Saksdokument:

Saksutgreiing (THHT):

Det visar seg at samfiskeavtalen med Ullensvang ikkje var gjort inn i evigheita slik underteikna har tillat seg å tru. Vedtaket som vart gjort i sak 73/20 er:

Vedtak:

Røldal Fjellstyre ynskjer å få til eit samarbeid med Ullensvang FS om grensevatna og gjer likelydande vedtak som Ullensvang FS har gjort i sak 45/20.

- Røldal fjellstyre og Ullensvang fjellstyre opnar for at fiskekorta (stongfiskekort og garnfiskekort) for kvar enkelt fjellstyre skal gjelde for heile Holmavatnet, Tangasjøen og Vetla Uravatnet. Dette gjeld for ein prøveperiode på to år (til og med 2022).
- For fiske i Holmavatnet og Tangasjøen gjeld dei til ei kvar tid gjeldande fiskereglane for Røldal statsallmenning.
- For fiske i Vetla Uravatnet gjeld dei til ei kvar tid gjeldande fiskereglane for Ullensvang statsallmenning.
- Kostnader til kultivering av grensevatna blir fordelt mellom dei to fjellstyra basert på vassarealet i kvar statsallmenning for kvart av vatna.
- Røldal Fjellstyre skal også sjå på moglegheita for å innføre eit brukarvennleg fangstrapporteringsystem. Samrøystes

Underteikna må vere ærleg på at han ikkje hugsar at avtalen berre var ei prøveordning. Denne skulle sjølvstøtt vore fylgt opp. Og ordninga skulle vore evaluert. (Kva er elles poenget med ei prøveordning?)

Sidan det er slik at fjellstyret har innbilt seg at avtalen var gjeldande, så har me i fiskereglane våre at det er lov å fiske i heile vatna. Det same har Ullensvang i sine reglar. Eg er usikker på jussen. Men truleg overstyrer fiskereglane til dei enkelte fjellstyra eventuelle andre avtalar. Ein bør likevel få orden på dette. Anten ved å revidere fiskereglane, eller ved å fornye samfiskeavtalen.

Underteikna har ikkje fått nokon negative tilbakemeldingar frå brukarane våre på samfiskeavtalen. Det er kome nokre positive tilbakemeldingar, som alle har gått ut på at det er ei brukarvennleg løysing å sleppe to fiskekort i same vatnet.

Frå ei forvaltningsmessig side, så ynskjer underteikna sterkt at ordninga vert vidareført. Det er godt kjent i Norge at ein ikkje kan sjå grenser under vatn. Ei heller fisken greier dette. Avtalen bør gjerast gjeldande inn i evigheita. Elles bør ordninga vere slik den har vore, kor «majoritetseigaren» bestemmer fiskereglane.

Framlegg til vedtak:

Leiar tar initiativ til å evaluere samfiskeavtalen i lag med Ullensvang fjellstyre.

Leiar får fullmakt til å arbeide for å fornye og forlengje samfiskeavtalen med Ullensvang. Avtalen kan gjerast gjeldande inntil vidare, med ein klausul som gjer det mogleg å seie opp avtalen f.o.m. 01. januar fyrstkomande år.

Referat:

Kort gjennomgang av samfiskeavtalen og intensjonen bak denne. Det kom ikkje fram nokon negative erfaringar frå dei åra avtalen har vore. Det er eit ynskjer om at ein får til ei tilsvarande permanent avtale

Vedtak:

Leiar tar initiativ til å evaluere samfiskeavtalen i lag med Ullensvang fjellstyre.

Leiar får fullmakt til å arbeide for å fornye og forlengje samfiskeavtalen med Ullensvang. Avtalen kan gjerast gjeldande inntil vidare, med ein klausul som gjer det mogleg å seie opp avtalen f.o.m. 01. januar fyrstkomande år.

Samrøystes.